

Kartverket
Berit Sandnes
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykker ref. Vår ref. Dato
20/01233-41 24/1786-3/LLH 10.01.2025

Fjord kommune – namnesak 2024/264 – Bjørkekipa, Fitvatnet/Fetvatnet mfl. – tilråding

Kartverket har, etter ei innmelding i Rett i kartet, reist namnesak for fem namn i Fjord kommune. Kommunen har gjennomført høyringsrunde, og har fått inn éi fråsegn som er sendt til Språkrådet. Kommunen sjølv har ikkje uttalt seg i saka.

Fitvatnet/Fetvatnet (vatn) og Fitegga/Fetegga (fiell)

Kartverket skriv: «Innmeldaren skriv at den lokale uttalen er Fetvatnet. Skrivemåten Fitvatnet vart vedteken i namnesak i 1999. Namnet på fjellet var ikkje med i namnesaka, så i dag har vatnet og fjellet ulike skrivemåtar i Noregskart. Før vedtaket var skrivemåten Fet- for begge. Eit sok i Nasjonalbiblioteket viser at Fetegga berre har denne eine skrivemåten i aviser og litteratur. Skrivemåten Fitvatnet er nytta i bøker to gonger etter at vedtaket er gjort, elles er skrivemåten Fetvatnet».

Stig Falling skriv: «Fetvatnet er det navnet som blir brukt. Det er koblet opp mot Fetegga».

Tilråding: Namna er ikkje registrerte i Fylkesatlaset for Møre og Romsdal, Heradsregisteret eller Språkrådet sitt registreringsverktøy. Vi tilrår skrivemåtane **Fetvatnet** og **Fetegga** i samsvar med dei innkomne opplysningane.

Pettertjønna (tjern)

Kartverket skriv: «Navnet har ikkje stått på kart. Øystein Mølmen nyttar namnet i boka Jakt og fangst i Norddal frå 2020, s. 274».

Stig Falling skriv: «Pettertjønna ok».

Tilråding: **Pettertjønna** i samsvar med dei innkomne opplysningane. Namnet er ikkje registrert i Fylkesatlaset for Møre og Romsdal, Heradsregisteret eller Språkrådet sitt registreringsverktøy. Skrivemåten **-tjønna** er ikkje i samsvar med gjeldande rettskrivning,

Postadresse	Besøksadresse	Sentralbord	E-post	Organisasjonsnummer
Postboks 1573 Viken NO-0118 Oslo	Observatoriegata 1 B NO-0254 Oslo	+47 22 54 19 50	post@sprakradet.no Internett www.sprakradet.no	971 527 404

men punkt 3.6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn opnar for denne skrivemåten i samsvar med uttalen.

Storkaldhusdalsvatn/-vatnet (tjern)

Kartverket skriv: «Storkaldhusdalsvatn er skrivemåten i innmeldinga. Alle andre naturnamn i området har bunden form, t.d. Illstigvatnet og Slettedalsvatnet. Kartverket ber derfor om informasjon om dette namnet blir uttala i bunden eller ubunden form (vatne eller vatn)».

Stig Falling skriv: «Storkaldhusdalsvatn er misvisende menier eg. Det er tre vatn som inngår i dette navnet. Et felles navn for alle tre vatna kan være Storkaldhusdalvatna. Merk at eg ikke har med "s" i navnet. På folkemunne kjem denne s-en ofte inn. Eksempel vis blir det sagt Heimste Viksvatn, men vatnet heiter Heimste Vikvatn. Det er det som står på kartet også. For å være meir presis kunne navnet på dei tre vatna vere Heimste -, Midtre - og Fremste Storkaldhusdalvatn».

Tilråding: Namna er ikkje registrerte i Fylkesatlaset for Møre og Romsdal, Heradsregisteret eller Språkrådet sitt registreringsverktøy. I SSR er namnet registrert som *Storkaldhusvatn* og *Storkaldhusvatnet*, altså utan namneleddet *-dal-*, men ut frå dei innkomne opplysningane bør dette namneleddet vere med. Når det gjeld bruken av binde-s, er tilsvarende namn i Heradsregisteret med *dal + vatn* registrerte med binde-s. Alle namn med etterleddet *-vatn* er registrert med bunden form i uttalen. Vi tilrår difor skrivemåten **Storkaldhusdalsvatnet**. Kartverket må vurdere om fleirtalsforma og namna på dei einskilde tjerna òg skal leggast inn i SSR.

Bjørkekipa

Kartverket skriv: «For dette namnet er det viktig å få informasjon om rett plassering og rett namneobjekttype før namnet kan registrerast på kart, sjå kartskisse under. Namnet var plassert ved den røde prikken i innmeldinga, men kommunen har fått inn opplysningar om at lokaliteten ligg lenger nord (ved blå prikk)».

Stig Falling skriv: «Bjørkekipa er der punkt 5 er tegna inn på kartet».

Tilråding: Bjørkekipa. Namnet er ikkje registrert i Fylkesatlaset for Møre og Romsdal, Heradsregisteret eller Språkrådet sitt registreringsverktøy, men skrivemåten er grei.

Vennleg helsing

Ingvil Brügger Budal
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Line Lysaker Heinesen
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kartverket Postboks 600
 Sentrum 3507 HØNEFOSS

Kopi til:

Ingvil Brügger Budal